



# ÅRSMELDING 2016


## ÅRSMELDING

### IL JOTUN ALLIDRETT

for perioden

1. januar 2016 til 31. desember 2016

## PÅ VEG MOT HUNDRE!



Postadresse  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
E-Post  
post@iljotun.no

[www.iljotun.no](http://www.iljotun.no)

Bank  
3730.25.00208  
Foretaksregisteret  
975 702 308



## 1. Styret sin samansetning

- Leiar: Anne Gunn Vigdal
- Økonomi: Stine Moen Bakken
- Øvrige styrerepresentantar: Marita Opheim, Silje Sylvarnes, Grethe Haglund, Marita Midtun og Marianne Hestetun.  
Marita Midtun og Stine Moen Bakken kom inn i styret i haust.

## 2. Grupper – utval - komitear - representasjon

- Det er ingen spesielle utval/komitear i allidretten.

## 3. Møter

- Tal på styremøte i gruppa: 4

## 4. Saker

- Me jobbar heile tida for at ungane skal ha eit godt og variert tilbod. Dette året har me vore opptekne av at det skulle vere færre ungar pr. gruppe. Dette fører til mindre køståing og det blir enklare for instruktørane å leie gruppene. Dette har me fått til, ungane er færre på turn, ridesenter og i bassenget. Me har og hatt fleire søknader om pengar frå dei ulike særgruppene. Det er bra med pengar på konto, og difor har me delt ut ein del. Kriterie for utdeling er at ungane i vår aldersgruppe får nytte av det som blir kjøpt inn.

Elles er det som vanleg arbeid med å lage planar for haust og vår og å lage dugnadsliser. Innføringa av glutenfrie vafler i fjor haust er vellukka.

Ellers passar me på at det er vaksne som er ansvarlege for dei ulike aktivitetane.

I løpet av året har det vorte eitt krav at alle som hjelper til og er i styret, må ha gyldig politiattest. Dette er så og sei på plass no.

Nytt frå i fjor haust var at det har vorte minna på med sms kven som har dugnad komande veke. På denne måten sikrar me at det vert nok vaksne som stiller opp.

Me har inngått avtale med Arne Hovland angående badevaktene. Foreldre stiller opp og deler ut nøklar, ryddar symjehall og sløkkjer lysa. Da er badevaktene kun badevakter og har full kontroll. Dette har fungert greitt.

Me har godt samarbeid med særgruppene som tilbyr aktivitetar for ungane: turngruppa, friidrettsgruppa, skigruppa, symjegruppa og Barnas turlag. I haust har me også hatt samarbeid med ridesenteret på Årdalstangen. Alle elevar har fått tilbod om ein kveld der iløpet av sesongen.

## 5. Medlemstal

- Frå 2-5 år er medlemstalet ca 74. Det er ei auke siste året. I fjor var talet 25-30.

---

<b>Postadresse</b>	<b>Besøksadresse</b>	<b>Telefon</b>	<b>Bank</b>
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
Postboks 65	<b>E-Post</b>	<b>Telefaks</b>	<b>Foretaksregisteret</b>
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308



- Frå 6-10 år er medlemstalet ca 117 . Det er omtrent likt med i fjor.

## 6. Utdanning

I fjor støtta me turngruppa med utdanning til trenarar. I år har me ikkje gjeve noko støtte til dette.

## 7. Særforbund

- Allidretten er ikkje knytt til eit bestemt særforbund

## 8. Konkurransar –Stemner – Turneringar

- 2. 3. og 4. klasse har delteke på minihandballturneringar i 2016.
- Friidretten hadde friidrettens dag i juni, der øvingane var lengde, 60 m og liten ball.

## 9. Økonomi

- Sjå vedlegg

## 10. Anlegg & Utstyr

- Det er særgruppene som organiserer aktivitetane, så me nyttar deira utstyr. I tillegg har me kjøpt inn og betalt litt nytt utstyr i handballkassa som vert nytta når det er handball.

## 11. Oppgåver i året som kjem

- Arbeide for at ungane får eit godt og variert tilbod gjennom allidretten
- Me har fått støtte til hjartestartar. Har iløpet av året hatt kurs der mange i laget fekk ta del og opplæring. Allidretten sin hjartestartar heng i Årdalshallen ved sekretariatet.

## 12. Eksterne verv – representasjon

- Gruppa har ingen eksterne verv